

Kommunar, Fastlegar og Legevakter

Dykkar ref:

Vår ref:
2020/6569 - 37372/2020

Sakshandsamar:
Margun Thue

Dato:
16.10.2020

Samhandling om Covid-19 pandemien mellom kommunane og Helse Førde - nokre tilrådingar og påminningar

Vi er no i ein situasjon der vi ser fleire lokale utbrot, både i vårt område og i landet elles. Smittetrykket er slik sett stigande, sjølv om vi framleis har oversikt og mange stader null smittetilfelle.

Dette skrivet er todelt og omhandlar:

- Handtering av lokale utbrot og opplegg for gjensidig varsling
- Påminning om flyten som skal nyttast ved innlegging av pasient eller tilvising til øyeblikkeleg hjelp poliklinikk

1. Lokale utbrot og gjensidig varsling/informasjon

Under covid-19 pandemien har vi hatt fleire lokale utbrot i vårt område. Helse Førde fekk utbrot i medisinsk seksjon i Nordfjord i sommar, og lærte mykje av den hendinga. Fleire kommunar har no opplevd det same, og den siste tida gjeld det Askvoll og Hyllestad. Det er svært hektisk, og initialt også svært uoversiktleg, når ein får eit lokalt utbrot. Vi vil gje ros og støtte til dykk som no handterer denne store utfordringa!

Taktisk samhandlingsgruppe vil peike på nokre viktige punkt for at samhandlinga skal fungere godt under lokale utbrot. Ved å nytte desse, kan andre kommunar og helseføretaket bidra til å avlaste kommunen som har utbrot. Ikkje minst kan ein gjere sin del av jobben så utbrot ikkje får spreie seg vidare til andre kommunar, inn i helseinstitusjonar eller sjukehus.

Varsle smittevernlege i andre kommunar

Gjeld:

- Personar som bur i andre kommunar og som ein gjennom smittesporingsarbeidet definerer som nærkontakter
- Personar som har arbeider i anna kommune eller har vore på besøk der. Særleg viktig ved ev. besøk i kommunal helseinstitusjon

Føremål:

Smittevernet i heimkommunen kan følge opp nærkontakter i karantenetida, sørge for testing og også vere førebudd dersom nærkontakter blir positive og ein må til med ny smittesporing.

Varsle smittevernet i Helse Førde, telefon: 97095244

Gjeld: Covid-19 positive pasientar har vore innoom sjukehus, DPS eller poliklinikkar.

Føremål: Unngå at utbrot får spreie seg inn i sjukehusa. Helse Førde går umiddelbart i gang med smittesporing rundt slike hendingar, og får sett involvert helsepersonell i karantene.

Obs: Når Helse Førde no nyttar eitt nummer for slik varsling, treng ikkje kommunane sine smittesporingsteam finne tak i t.d. den poliklinikken kor pasienten har vore, dette tek HF internt.

Kontakte taktisk samhandlingsgruppe: Ved behov for å få informasjon ut til fleire eller behov for støtte.

Kontakt taktisk samhandlingsgruppe via næraste kommuneoverlege:

Jan Helge Dale, Kinn kommune. Leiv Erik Husabø, Sogndal kommune. Øystein Furnes, Sunnfjord kommune. Frode Myklebust, Lærdal, Aurland og Årdal kommunar. Thomas Vingen Vedeld, Stad kommune. Ev. kommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten.

Føremål:

- Taktisk samhandlingsgruppe kan hjelpe til med råd, og ev. også skaffe ressursar. Gjeld også ved behov for bistand frå smittevern-seksjonen i Helse Førde
- Gruppa kan bidra til informasjonsflyt begge vegar, t.d. dersom Helse Førde bør førebu seg på auka tal innleggingar i høve eit større utbrot. Då særleg viktig å få informasjon om alderssamansetnad for dei smitta m.m.

-

Vedlegg 1: Namn på kommunane sine smittevernlegar og telefonnummer til smittevernet i Helse Førde

2. Påminning om gjeldande «flyt»

Våren 2020 var alle delar av helsetenesta svært fokusert på å følge den nye rutinen for innlegging av pasientar i sjukehusa. Screeningsspørsmåla blei nytta, og kriteria for at pasienten skal i Akuttmottak 2 (smitta eller mogleg smitta) blei systematisk følgd. Dialog mellom klinikarar via koronatelefonen var viktig då, som no.

Helse Førde erfarer at vi no oftare har «glippar». Dette gjeld:

- Pasientar som kjem og er tenkt til akuttmottak 2 (mogleg smitte), men utan at koronasentralen er varsla
- Pasientar som kjem til vanleg akuttmottak, men der slår ut på kriteria for å gå til smittemottak; her har ein enten glippa på å spørje screeningsspørsmål eller å melde vidare

Det er naturleg at covid-19 fokuset har gått noko ned, sidan situasjonen no har vore roleg lenge i vårt område.

Samstundes finn vi det no rett og viktig å be alle legekantor og legevakter, AMK-sentralen, ambulansetenesta og øvrige avdelingar i helseføretaket om å repetere og følge denne viktige rutinen. Det er uendra viktig å gjere det vi kan så ikkje smitta pasientar kjem inn i sjukehusa på feil stad og utan tilstrekkeleg smittevern.

Vedlegg 2: «Flytskjema ved melding om pasient med covid-19 mistanke»

3. Testing av pasientar innlagde i Helse Førde før utskrivning til sjukeheim

Helse Førde har i haust fått to avviksmeldingar på at pasientar utskrivne til sjukeheim, enten ikkje har vore testa for covid-19 eller at testresultatet ikkje har vore klart før utskrivning.

Helse Førde vil følge opp og minne om denne rutinen internt. Helseføretaket er takksame for å få melding ved glippar. Rutinen gjev høve til, i særskilte tilfelle, å skrive ut pasient til sjukeheim utan at testresultat føreligg, men tanken i Helse Førde er ikkje at dette er «normal travelheit» eller at det er fullt i sengepostane.

Ein gjer merksam på at asymptotiske (i høve covid-19) sjukeheimspasientar som kjem inn for kortvarig utgreiing eller behandling (t.d. ein blodtransfusjon), ikkje vert testa før dei reiser heim att.

Vedlegg 3: «Rutine for testing av innlagde pasientar i Helse Førde før utskrivning til sjukeheim»

Vennleg helsing

Evvy- Helen Helleseeth

Fagdirektør Helse Førde

Dokumentet er elektronisk godkjent